

Kven kan konfirmerast?

Alle er velkommen til å vera konfirmant i kyrkja. Konfirmasjonstida handlar om å få tid til å undra seg, utforska og erfara kva den kristne trua er. Konfirmasjonstida handlar om livet ditt og spørsmåla dine, og vi håpar og trur at du kan få lære meir om Gud og deg sjølv.

Er du ikkje er døypt, kan du følgje konfirmantundervisninga og bli døypt i løpet av konfirmantåret.

Du kan lesa om konfirmasjon og om tidlegare konfirmantar sine erfaringar på kyrkja.no/konfirmasjon

Konfirmantleiarar

Hovudansvarleg for konfirmantane er trusopplærar Kristine Rykkje Hopland. Andre de kjem til å treffe er mellom anna spesialprest Torbjørn Sæle, sokneprest Geir Øy og Helle Kartveit.


Vi ser fram til å møta deg!



Denne orienteringa går ut til alle medlemmer og tilhørige i Knarvik sokn fødd i 2006.



KONFIRMAN*
2021



ORIENTERING OM KONFIRMASJON
*i Alversund, Knarvik,
Seim og Lygra kyrkje*

**Hei, du som er fødd i 2006 — no er
det DIN tur til å vere konfirmant.**

Velkommen!



DEN NORSKE KYRKJA

I løpet av konfirmantåret er dette noko av det du får vere med på:

- Smågruppe med undervisning og samtale om blant anna:
 - Gud, Jesus og Den heilage ande
 - Bibelen og bøn
 - tru og tvil
 - kjærleik, seksualitet og samliv
 - sjølvbilete og menneskesyn
 - og mykje meir.
- Seminar om aktuelle tema.
- KRIK eller fritidsklubb.
- Helgesamlingar.
- Presentasjonsgudsteneste, lysmesse og andre gudstenester.
- Kick-off (ein slags sove-heime-leir på hausten)
- Konfirmantleir på Sætervika leirstad 15.-17. januar
- Fasteaksjonen 28.-30. mars
- Konfirmasjonsgudsteneste i mai



Påmelding til konfirmantåret

via påmeldingssida vår:

<https://www.minkirkeside.no/Alver>
(NB: Bruk heile adressa, også <https://>)

NB: Påmeldinga opnar 15.mai.
Frist for påmelding: 14. august.



Spørsmål?

Kristine Rykkje Hopland: 408 14 658,
kh658@kyrkja.no,
eller Knarvik kyrkjekontor, 4000 1691,
www.kyrkja.no/knarvik